

LEDER

Sjefredaktør og adm. dir.: ØYULF HJERTENES
 Nyhetsredaktør: JAN STIAN VOLD Politisk redaktør: FRØY GUDBRANDSEN
 Kulturredaktør: FRODE BJERKESTRAND Redaktører: INGILD RUGLAND og EIVIND HJERTHOLM FISKERUD

Hver fjerde sykehustime står ubrukt. Både pasienter og sykehusledelse har et felles ansvar for at ressursene i helsevesenet ikke skusles bort.

Møt til timen

SAMTIDIG SOM HELSEVESENET sliter tungt med å kutte køer, blir ikke kapasiteten på sykehusene utnyttet til fulle.

Tall fra prosjektet «Alle møter» avdekker at nesten 600.000 timer ved sykehusene i Helse Vest ikke ble benyttet i fjor. Hver fjerde time på poliklinikkene står altså uten pasienter. Folk avbestiller i siste liten, eller unnlater å møte. Det er en uholdbar situasjon, som både sykehusledelsen og pasientene må ta deler av ansvaret for.

ÅRSAKENE TIL DEN svake kapasitetsutnyttelsen er sammensatt. Om lag en tredjedel skyldes at pasientene endret timebestillingen på så kort varsel at sykehuset ikke rakk å booke om. I 78.000 tilfeller i fjor uteble pasienten uten å gi beskjed i det hele tatt. Det er urovekkende.

Også i Norge er tilgang på helsehjelp en knapp ressurs, som må forvaltes med omtanke for helsebudsjetter og legenes tid og kapasitet. Det er respektløst at enkelte tillater seg å sløse vekk knappe fellesgoder ved å la være å møte.

Bedre systemer kan demme opp for kostnadssluket.

EN ANNEN SAK er at systemene for avbestilling og endring av timer ikke er optimal. Selv om digitalisering i helsevesenet kan være krevende på grunn av personvern og pasientopplysninger, må det ikke hindre rasjonelle løsninger. Bedre systemer kan demme opp for kostnadssluket.

I 2015 gjorde Helse Vest avbestillinger mindre kronglete for pasientene gjennom nettsiden Vestlandspasienten.no. Samtidig ble gebyret for manglende oppmøte doblet fra 320 til 640 kroner. Det var fornuftige grep, som har vist seg å ha effekt.

Siden 2013 er andelen pasienter som ikke møter halvert fra seks til tre prosent. Kombinasjonen av bedre brukergrensesnitt og økt ansvarliggjøring av pasientene bør være en modell for det videre arbeidet med bedre ressursutnyttelse.

MYE TYDER PÅ at Helse Vest overordnet sett er på riktig spor. Neste år lar «Mitt timevalg» pasienter selv booke timer, og det blir gjort forsøk med brukerstyrte poliklinikker for kronikere. En annen ambisjon er å fordele timene så lang tid på forhånd at avbestillinger kan unngås.

Til tross for disse grepene, varierer utnyttelsen av ledig kapasitet fortsatt mellom avdelinger og sykehus. Det er et ledelsesproblem. En av sykehusledelsens viktigste oppgaver er å fordele knappe ressurser på en rasjonell måte. Jo flere hull i timeplanen, desto flere bortkastede helsekroner og desto lengre køer.

Fattig i verdas



KØ: Når fattigdommen veks, aukar køen framføre Frelsesarmeens dører. Biletet er tatt i Bergen før jul.

Ingen skulle stå med hatten i handa. Det var ein gong velferdsstatens mål. No veks behovet for ideelle organisasjonars velgjerningar.

ÅRETS PARTILEDER



Mann (45) tar 189 gisler. Desperat mann truer med å aldri mer fortelle vitser i partilederdebatter.

Politisk redaktør Kjetil B. Alstadheim rapporterer fra KrFs skjebnelandsmøte 2.11

ÅRETS SITAT

Det blir en kollisjon her da.

Fra lydloggen før fregatten «Helge Ingstad» kolliderte med tankskipet «Sola TS».

ÅRETS NAVN

Andre: Lurer på om Olemic Thommessen må gå, om han hjalp Frimurerlosjen bevisst, om han er slem eller dum.
 Meg: Skrives det Olemic eller OleMic sånn som OsloMet

Forfatter Runa Fjellanger @runafk, Twitter



ÅRETS NETTSTED

Å kritisere Resett for brudd på god presseskikk er som å ymte frampå om at Dr. Mengele drev i strid med helsepersonelloven.

Redaktør i Filter Nyheter, Harald S. Klungtveit, Twitter

mest sjeNerøse velferdsstat



FOTO: PAUL S. AMUNDSEN

ORSKE VELFERDSORDNINGAR skal vera gode nok til å kunna leva eit nokolunde anstendig liv. Ein familie med mor, far og to barn har rett på offentlege tilskot som til saman kan tilsvare lønsinntekter på over 700.000 kroner. Det utgjør to heilårsinntekter i fleire låglønsyrke.

Slike tal viser den norske velferdspolitikken dilemma, når køane veks framfor Frelsesarmeens dører. Dersom norsk fattigdom skulle avviklast, måtte både dei offentlege tilskota og dei lågaste inntektene aukast, sjølv om norske tariffar for slike yrke er svært bra samanlikna med andre land.

SÅ LENGE DET FINST låglønsyrke, så lenge ikkje både mødrer og fedrar i slike yrke jobbar fulltid, vil det finnast relativ fattigdom, det vil seia familieinntekt på mindre enn seksti prosent av gjennomsnittleg lønsinntekt. Men relativ fattigdom kan også vera tung å bera. Sjølv verdas mest sjenerøse velferdsstat greier seg ikkje utan Frelsesarmeen.

Velferdsdilemmaet vart presentert av ei rekke sosialsjefer i 2012. I oppstillinga tok dei med all sosialhjelp, bustøtte, arbeidsavklaringspengar, trygder og andre former for økonomisk bistand. Dei offentlege overføringane er ikkje blitt mindre dei seks seinare åra.

SJØLV DAGENS ORDNINGAR kan gjera det lite økonomisk forlokkande å bli sjølvforsørgjande lønsmottakarar. Dersom dei offentlege tilskota blir vesentleg høgare, er det fare for at det blir endå mindre økonomisk tilskunding for å koma seg i løna arbeid.

Arbeidslina, prinsippet om at arbeid alltid skal løna seg, har vore den politiske resepten for å avverja vekst i den økonomiske underklassen, med risiko for å bli sitjande fast i denne fattigdomsfella. Men arbeidslina har ikkje kunna avverja at nesten kvar femte innbyggjar i arbeidsfør alder no står utanfor yrkeslivet, og at kvart tiande norske barn, eitt hundre tusen, blir rekna som fattige.

VEKSANDE BARNEFATTIGDOM gjev seg ekstra store utslag i jula, forbrukets og materialismens fremste fest. Like før jul vart det meldt at kjøleskåpa stod tomme hos

hundre tusen danske hushaldningar. I Tyskland har det vore strid om køordningane mellom innvandrarar og innfødde på matutdelingstiltak. I Storbritannia, med mindre finmaska, offentlege velferdsordningar, er fire millionar innbyggjarar avhengige av suppekjøken, ifølgje leiaren for Labour, søsterpartiet til det norske Arbeidarpartiet.

Å vera fattig i Noreg handlar sjeldan om ikkje å ha råd til mat, men at fattige barn ikkje kan delta i samfunnet på same måte som andre barn. Og at fattigdomen i mange tilfelle går i arv. I teorien har Norge enno råd til å kvitta seg med barnefattigdomen. Sterk auke i barnetrygda ville løfta alle barnefamilieinntekter, utan å rokka ved fordelinga av inntekter i låglønsyrke. Utslaget ville blitt aller størst for dei som frå før har minst å rutta med.

DENNE OPPSKRIFTA har ikkje fått politisk gjennomslag. Bortsett frå haustens krav frå Kristeleg Folkepartis krav om ein tusenlapp meir, har barnetrygda vore under medviten nedtrapping sidan nittitalet. At det er uhorveleg dyrt å auka trygda for ein million barn, er ikkje einaste grunnen. Landets politiske fleirtal vil heller ikkje gje ei slik økonomisk oppmuntring til at foreldre som ikkje kan fø seg sjølve får mange barn.

I Bergen vart det sett ei grense for kommunal sosialhjelp ved fire barn. I Oslo har grensa i fleire år vore tre barn. Får sosialhjelpsmottakarane fleire barn, fell tilsvarende større andel av det økonomiske ansvaret på foreldra. Behovet for fleire barn her i landet viser ikkje att i denne fattigdomspolitikken.

MEIR ENN HALVPARTEN av barn som lever i familiar med vedvarande låg inntekt har innvandrarbakgrunn. Slike barn står for 85 prosent av auken i barnefattigdom sidan 2006. Eittersom mange innvandrarar har svake faglege kvalifikasjonar og oftast ingen eigenkapital, aukar gjerne barnefattigdomen i takt med innvandringa. I innvandrartette byar som Oslo og Drammen er nesten kvart femte barn rekna som fattige. Tilsvarende andel i Bergen er litt under landsgjennomsnittet på vel ti prosent. Yrkesdeltaking er svært

låg for mange innvandrargrupper, især for innvandrarkvinner. Når fire av ti barn med pakistansk innvandrarbakgrunn blir rekna som fattige, er kvinners manglande fulltidssyssetjing ei nærliggjande forklaring. Slike fattigdomsfeller har skiftande norske regjeringar prøvd å bremsa, også ved å halda løyvingane til barnetrygd nede.

MEN OGSÅ BLANT barn utan innvandrarbakgrunn er det blitt fleire fattige. Mange av dei har einslege forsørgjarar som lever på offentlege støtteordningar, eller har låge lønsinntekter. Når slike foreldre må ty til Frelsesarmeen eller andre ikkje-offentlege velgjerningsinstitusjonar, skuldast det gjerne at dei er komne i økonomiske uføre. Når pengane er knappe, skal det ikkje så mykje til før barna kjenner seg fattige.

I mange tilfelle er det forbrukarlån med svært høge renter og tøff innkrevjing som tek knekken på økonomien til dei som er fattige frå før. I inkassobrandsen er det åger som gjeld.

BEHOVET FOR velgjerande hjelp vart ekstra tydeleg etter finanskrisa i 2008, då arbeidssøkjande EU-borgarar utan rett til offentlig økonomisk støtte kom til landet. Tiggande romfolk hadde ikkje gjort like sterkt inntrykk. Men EØS-tiggjarar og papirlause innvandrarar som er blitt i landet utan arbeids- og opphaldsløyve er ofte blitt avhengige av hjelp frå frivilljuge i Røde Kors og Robin Hood-huset og Kirkens Bymisjon og Frelsesarmeen.

Offentleg forvaltning må retta seg etter politisk styring og ha like reglar for like tilfelle. Dei som tildeler midlane kan ikkje krevja at mottakarane set tæring etter næring eller visa til at idealistar som vil ha minst mogleg forbruk og minst moglege miljøavtrykk greier seg godt med lite pengar.

OM LIVET RAKNAR, om rusen styrer, om familie og vener har gjeve opp, om ingen reglar gjeld, er det kanskje berre privat pliktkjensle eller vilje til private velgjerningar som står att.

Dei fattige har de alltid hjå dykk, står det i Bibelen.

Kommentator
i Bergens Tidende
asbjorn.kristoffersen@bt.no



Asbjørn
Kristoffersen

ÅRETS BRANNAKTEL



Ap mener terroristeres rettigheter er viktigere enn nasjonens sikkerhet. Lik og del!!

Sylvi Listhaug (Frp) i Facebook-innlegget som «har omgjort norsk politikk til en barnehage» og førte til at hun gikk av som justisminister

ÅRETS SKJEBNELANDSMØTE



Uansett utfall fortjener Knut Arild Hareide stor takk for å ha satt i gang denne høytidsstunden for vårt demokrati.

Klassekampen på lederplass om det store veivalget til KrF

ÅRETS MINORITET

Helseminister Bent Høie (H) mener at han som homofil forstår hvorfor mennesker med Down's syndrom opplever abortloven diskriminerende.

VG om høstens store abortdebatt



ÅRETS TWEET



#metoo ble et vannskille. Nå er det plutselig ikke lenger greit å bruke jobb-epost til å distribuere hardporno til mindreårige.

@sigvei

ÅRETS PDF

Det var ikke min mening å krenke noen. Jeg var inne i en tøff periode og gjorde ting jeg ikke er stolt av.

Frp-politiker Ulf Leirstein om hvorfor han sendte hardporno i PDF-format til mindreårige



ÅRETS PAR



Jeg falt for at han er fra Skogn, at han er trønder, og personligheten hans.

Bahareh Letnes om kjæresten Per Sandberg, Dagsnytt 18

FAKSIMILE: NATT&DAG